



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
19/10028 20/16237	22.09.2020	140851/2020/REGULERINGSPLAN/1577	Synnøve Valle, 71 28 02 39	05.11.2020

Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan Rotsetfjora gbnr 30/157, 286 m.fl - fråsegn til offentleg ettersyn - trekking av motsegner

Detaljregulering av Rotsetfjora er lagt ut til ny høyring.

Vi viser til dei attståande motsegnene, jamfør brev 29.05.20 og brev 17.07.20.
Motsegnene våre gjaldt svak styring i omsynssonene og omsyn til kulturminne og
kulturmiljø av nasjonal verdi.

På bakgrunn av den reviderte planen **trekkjer** vi med dette motsegnene.

Kulturminne sjø

Det er i sjødelen av planområdet registrert kulturminne verna etter Kulturminneloven § 14.
Kulturminna har ID 169927 Rotsetfjora og består av ei ballastrøys og fleire
keramikkkfragment. Desse er lagt inn med omsynsone i planforslaget. Planen kan ikkje opne
for tiltak som kan skade kulturminnet som graving, mudring, tildekking eller anna.
Alternativt kan tiltakshavar kan søke Riksantikvaren om dispensasjon frå lova. Om det blir
aktuelt kan tiltakshavar kontakte Bergens Sjøfartsmuseum for rettleiing om prosessen.

Vi har ingen andre kommentarar til planforslaget.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Fylkesmannen i Møre og Romsdal